

## Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

## Allmennlegetenesta og Vestre sitt prosjekt

Statsråd Vestre legg vekt på å høyre på dei «som har skoa på», seier han. No skal han lage Stortingsmelding om «ny» fastlegeordning og har bedt om innspel frå alle som vil. Som kunnskapsmiljø er det naturleg at vårt fokus er kunnskapsbasert helsepolitikk og allmenmedisin som fag, som grunnlag for revisjon av fastlegeordninga. Kortversjonen er at vi har mykje kunnskap om faget og kva som er suksessfaktorar, kva som er rekrutterande, kva som er øydeleggende, og kva som skal til for å oppnå helsepolitiske mål.

To ting må haldist frå kvarandre; Fastlegeordninga og allmenmedisin som medisinsk fagområde. Ei god fastlegeordning vil aldri fungere utan at den er basert på allmenmedisinske verdiar og hovudprinsipp. Og omvendt, ei fastlegeordning er ein god måte å organisere primærhelsetenesta på.

I tråd med internasjonale og kunnskapsbaserte føringar og tilrådingar må også ei «ny» fastlegeordning sikre den personlege legen, kontinuitet i lege-pasient-tilhøvet, usortert og god tilgang til legen, koordinatrolla og verdien av henvisningssystemet. Vi treng også meir tverrfaglege legekontor med samarbeid rundt allmenlegen.

Allmenmedisin, med og utan fastlegeordning, gir betre total helse, mindre bruk av sjukehus og legevakt, lågare kostnad for same helsegevinst, redusert mortalitet, betre fordeling av helse i samfunnet og betre prioritering mellom tiltak. Alle desse suksessfaktorane ved faget allmenmedisin må sikrast i den nye fastlegeordninga, og faglege krav må på same måte som administrative eller organisatoriske krav, sikrast plass gjennom forskrift, kvalitetskrav, kvalitetsindikatorar og faglege satsingar.

Steinar Hunskaar  
[steinar.hunskar@uib.no](mailto:steinar.hunskar@uib.no)

## Svein Kjosavik første professor i Stavanger

Førsteamanuensis Svein Kjosavik har fått opprykk til professor i allmenmedisin, som den første av dei tilsette i faget i Stavanger i forbindelse med Vestlandslegen.

Kjosavik er utdanna lege frå UiB, spesialist i allmenmedisin og har doktorgrad frå UiB i 2012 på

ei avhandling om forskrivning av psykofarmaka i allmenpraksis. Han er mangeårig fastlege i Sandnes, og har dei seinare åra vore tilsett som samhandlingslege ved Stavanger universitetssjukehus. Han har vore tilknytta Vestlandslegen i Stavanger som førsteamanuensis sidan 2022.

## Prisdryss I: Mest siterte artikkel!

Artikkelen *Continuity in general practice as predictor of mortality, acute hospitalisation, and use of out-of-hours care*, av Hogne Sandvik og medforfattarar har fått mykje internasjonal merksemd etter publiseringa i BJGP i 2022. I følgje tidsskriftet si nettside ligg den no øverst på lista over «most cited articles».

## Prisdryss II: Must read this!

Ved John Hopkins School of Medicine i USA har dei ei nettside der dei kvar månad identifiserer forskingsartiklar innan medisinsk utdanning som «Must Read». I sommar vart ein artikkel frå allmenmedisinnmiljøet i Bergen valt: *Alienation in the teaching hospital: How physician non-greeting behaviour impacts medical students' learning and professional identity formation*, av Eivind Valestrand og medforfattarar, publisert i *Perspectives on Medical Education* 2024 13:239-49.

## Ph.d.: Utvikling av profesjonell identitet

Eivind A. Valestrand disputerte 6.9.2024 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Liminality and transformation". I tre artikler undersøker doktoravhandlingen hvordan medisinstudenter og utdannede leger utvikler profesjonell identitet i møte med personsentrert forståelse av medisinen.

Valestrand analyserer essays fra medisinstudenter og intervjuer med legementerer med tanke på identitetsutvikling: overgangen fra leikperson til profesjonell, og den erfarne legens utvikling fra kliniker til mentor.

Avhandlingen indikerer at refleksjon over egne livserfaringer kan hjelpe medisinstudenter å bevege sin selvforståelse i retning av deres profesjonelle idealer.

Tilsvarende kan legementerer knytte en sterkere relasjon med studenter gjennom å reflektere over sin egen profesjonelle identitetsdannelse.

Eivind A. Valestrand (f. 1989) er fra Bergen, er utdannet lege med forskerlinje ved UiB. Han har vært stipendiat ved Enhet for læring ved Det medisinske fakultet og også vært tilknyttet Institutt for global helse og samfunnsmedisin. Hovedveileder for førsteamanuensis Monika Kvernenes, mens professorene Edvin Schei og Steinar Hunskaar har vært medveiledere.

## Nytt utdanningstilbud for praksisrettleiarar

UiB har starta eit nytt og unikt tilbud for praksisrettleiarar i allmenmedisin retta mot fastlegar som har studentar i praksis i siste studieår. Emnet PRAM620 er på 10 studiepoeng, kan takast på deltid over eitt eller to år, og har som mål å gje legane ein reell og definert sluttkompetanse i rettleiing av studentar. Kurset inneheld mellom anna to emnekurser og to periodar med student i praksis pluss oppgaver og teoristoff. Første kullet med 14 deltakarar er no starta opp. Våren 2025 blir det nytt opptak.

## Prisdryss III: Beste artikkel i tidsskrift!

Under den nordiske kongressen i allmenmedisin i Turku i juni 2024 vart det delt ut prisar for beste artiklar i *Scandinavian Journal of Primary Health Care*. Vinnar for 2022 vart artikkelen *Construction and validation of a morbidity index based on the International Classification of Primary Care*, av Hogne Sandvik og medforfattarar, publisert i *Scand J Prim Health Care* 2022; 40: 305-12.

## Prisdryss IV: God undervisning!

Fagområde for allmenmedisin vart i mai tildelt instituttet sin undervisningspris for eit 2-dagars konsultasjonskurs for medisinske studentar i siste studieår. Basert på video frå studentkonsultasjonar i allmenpraksis tek kurset opp konsultasjonsprosessen, beslutningslære og «samtalar som kan føre til endring». Kurset har fått svært gode tilbakemeldingar frå studentane.